



Tenden Miljø
Stryn Miljøpark
6783 Stryn

...

Hallvard Hageberg
sakshandsamar

Rapport frå inspeksjon ved Tenden Miljø 21. oktober 2020

Kontrollnummer: 2020.371.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Per Ole Tenden
Olav Tenden
Dan Bø
Piotr Chrzaszcs
Jozef Brvncak

Frå Fylkesmannen i Vestland:

Gøsta Hagenlund
Hallvard Hageberg

Frå Stryn Brannvesen:

John J. Vinsrygg
Bo Robin Damberg

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Tenden Miljø den 21. oktober 2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland og Stryn Brannvesen avdekkja 3 avvik og ga 2 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemda følgjer ikkje alle krava i løyvet
- Hall for lagring av farleg avfall kunne føra til forureining
- Internkontrollen har manglar

Avvik er nærare omtalt frå side 5 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Toril Mulen
seniorrådgjevar

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Fylkesmannen i Vestland

Kopi til: Stryn kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Tenden Miljø AS avd Stryn - innsamling	
Organisasjonsnr.: 976505328	Eigd av: 976484770
Bransjenr. (NACE-kode): 38.110 - Innsamling av ikke-farlig avfall	

Kontrollert eining

Namn: Tenden Miljø - farleg avfall Tenden Miljø - ordinært avfall	Anleggsnr.: 4651.0006.01 4651.0006.03
Kommune: Stryn	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Farlig avfall - mottak og mellomlagring Avfall - mottak, mellomlagring og sortering	
Løyve gitt: 04.04.2001	Sist endra: 06.01.2012

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Tilsynet er del av ein landsdekkande tilsynsaksjon med brannar i avfallsanlegg. Målet med aksjonen er å redusere brannar og miljøverknadane av brannar i avfallsanlegg ved å kontrollere at verksemdene jobbar forsvarleg med førebyggjande arbeid for å hindre at brann oppstår, og å redusere miljøverknadane om brann oppstår.

Miljødirektoratet og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) koordinerer aksjonen. Miljødirektoratet og fylkesmannen fører tilsyn med forureiningslova og tilhøyrande forskrifter, medan brann- og redningsvesenet fører tilsyn med krava i brann- og eksplosjonsvernlova og forskriftene om brannførebygging og handtering av farleg stoff. Internkontrollforskrifta er heimla i begge lovene.

Tilsynet er gjennomført i medhald av forureiningslova § 48, brann- og eksplosjonsvernlova § 13 og forskrift om farleg stoff § 23.

Inspeksjonstema

- Styringsystem, kompetanse og risikoanalysar
- Om avfallsfraksjonane, under dette farleg avfall, vert oppbevart forsvarleg og brannsikkert
- Branntryggleik i byggverk, produksjon, transportmiddel eller annan innretning
- Plikt til å unngå forureining og løyve frå Fylkesmannen

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet, miljøstatusen eller brannførebyggjande arbeid i verksemda.

Avvik frå forureiningsregelverket innan andre tema som vart avdekka under synfaringa er også omtalt i rapporten.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Noko som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for Tenden Miljø AS og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om Tenden Miljø AS og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Tenden Miljø AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen og Stryn brannvesen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Tenden Miljø AS innan **1. mars 2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde. Likelydande tilbakemelding skal sendast til både Fylkesmannen i Vestland og Stryn Brannvesen. Kvar etat vil etter dette følgje opp avvik etter eige regelverk.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpост@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Hallvard Hageberg og Stryn Brannvesen (postmottak@stryn.kommune.no) v/John J. Vinsrygg

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til Tenden Miljø AS den 21. oktober 2020. Tenden Miljø AS skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Tenden Miljø AS betale eit gebyr på kr 26 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn som varer inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda følger ikkje alle krava i løyvet

Avvik frå:

Løyve av 4. juli 2001, sist endra 6. januar 2012.

Kommentar til regelverket:

I løyve datert 6. januar 2012 står det m.a. i punkt 4:

«Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen eller vatn som kan medføre nemneverdige skader eller ulemper for miljøet. Anlegget skal ha fast dekke med kontrollert fall mot oppsamlingspunkt.

Verksemda pliktar å halde oversikt over eventuell eksisterande ureina grunn på eige område.

Ein skal til ei kvar tid ha oversikt over faren for spreiding, samt vurdere behovet for undersøkingar og tiltak. Er det grunn til å tru at undersøkingar eller andre tiltak vil vere nødvendig, skal ureiningsstyresmakta varslast om dette.»

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

På uteområdet øvst på anlegget var det lagra ein del avfall ute. Asfaltdekket på området hadde hol. Det var ikkje fall til sluk frå dette området. Avrenning frå avfall som var lagra på området vil derfor kunna renna til grunnen og/eller ut av området.

Avvik 2

Hall for lagring av farleg avfall kunne føra til forureining

Avvik frå:

Avfallsforskrifta kapittel 11

Kommentar til regelverket:

I § 11-5 i avfallsforskrifta står det m.a.:

«Farlig avfall skal tas hånd om på en forsvarlig måte. Alle som oppbevarer, transporterer eller håndterer farlig avfall, skal treffe nødvendige tiltak for å unngå fare for forurensning eller skade på mennesker eller dyr.»

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Under synfaring i hallen der ferdig pakka farleg avfall vart lagra, kunne vi konstatera eit område med vått golv. Dette vart forklart med at det rann vant gjennom hallen. Det vart observert «blueshine» på golvet, og golvet hadde også riss og sprekker.

Avvik 3

Internkontrollen har manglar.

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften) § 5 andre ledd punkt 6 og 7.

Kommentar til regelverket:

§ 5 andre ledd stiller krav til innhaldet i internkontrollen. I andre ledd punkt 6 og 7 er det stilt krav til at verksemda skal «.. kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og tiltak for å redusere risikoforholdene», samt «.. iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhets- lovgivningen».

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

- Ved gjennomgang av internkontrollen vart det opplyst at når gjenvinningsstasjonen var open (2 gonger for veka), kunne det vera så mykje besøk at t.d. ei evakuering ville kunna vera vanskeleg. Det vart også opplyst at det vart ført ein manuell logg ved mottak av farleg avfall, men at denne loggen ikkje blei sendt vidare til NOMIL straks. Dersom det skulle oppstå brann i dette mottaket, ville brannvesenet ha bruk for å veta kva for farleg avfall som var lagra ved mottaket.
- Det er ikkje vurdert effekten av sløkkevatn på ytre miljø ved brann.
- Det er ikkje gitt eiga opplæring eller eigne rutiner for handtering av litiumbatteri.

7. Merknader

Tenden Miljø bør kartlegge behovet for type-, antall- og plassering av manuelt sløkkjestyrt, slik at tilgjengeleg utstyr ved sløkking står i høve til brannrisikoen.

Risikovurderinga gav for høg risiko ved at fleire tema var slegne saman.

8. Andre tilhøve

Det vart opplyst at Tenden Miljø dreiv gjenvinningsstasjon etter avtale med NOMIL, som henta avfall frå stasjonen ved behov. Det var ikkje klart korleis avfallet var deklartert ved transport til NOMIL.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Avfallsforskrifta
- Forureiningsforskrifta
- Internkontrollforskrifta

- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Forskrift om brannførebygging
- Forskrift om farleg stoff